

## **Vern av Eikebakka naturreservat, Sokndal i Rogaland. Innkomne uttalar frå høyring av oppstartmelding og Fylkesmannens merknader.**

Fylkesmannen sendte 30.01.2014 melding om oppstart av vern etter naturmangfoldloven av eit eikeskogsområde ved Frøyland, Sokndal kommune. Det er tale om to eigedomar; med frivillig vern på den private, og tradisjonelt vern på tilgrensande OVF-eigedom (Opplysningsvesenets fond). Sjå vedlagte adresseliste samt utlysing i Dalane tidene. Dei fleste på lista hadde ikkje merknader/kommentarar til oppretting av nytt verneområde. I det følgjande er uttalene samanfatta, med Fylkesmannens merknader under.

**Luffartstilsynet, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralforvaltning, WWF-Norge** har ikkje merknader til oppstartsmeldinga.

**NVE** – kan ikkje sjå at naturreservatet kjem i konflikt med vassdrags eller kjente energi interesser. Dei har ikkje kjennskap til eventuelle konflikhtar vedrørande eksisterande nett eller nettplanar og opplyser om at Dalane Energi IKS er rette instans, men at dei manglar på høyringslista.

Fylkesmannen – tek uttalen til orientering og vil i neste runde sende saka på høyring til Dalane Energi IKS.

**Kartverket** – peikar på at namnevalet ser ut til å vera i strid med stadnamnlova §3. Verneområdet grensar til Frøyland gnr. 57, men ligg for det meste på gnr.58 Eik, og litt på gnr. 59 Lindland. Det kan tenkast at Frøyland har eit større dekningsområde i lokal namnebruk, til dømes som bygdenamn. I så fall er namnevalet greitt, men dette bør undersøkast nærare med kommune og Stadnamntenesta på Vestlandet før endeleg namneval vert gjort.

**Arne Hedberg** – forpaktar av Eik prestegard i perioden 1959-1969. Opplyser om at planlagt verneområde ikkje ligg på Frøyland. Området heiter Eikebakka og størstedelen av planlagt reservat høyrer til Eik prestegard, gnr. 58/1, mens ein mindre del i nord ligg på gnr. 59/1 Lindland. Verneområdet burde derfor omtalast som «Eik edelskogreservat», då Frøyland vert misssvisande sidan reservatet ikkje ligg på denne eigedommen.

Fylkesmannen – tek merknadene til etterretning, og endrar namnet til Eikebakka naturreservat. Namneendringa vil i samband med høyringa oversendast Stadnamntenesta på Vestlandet.

**Sokndal kommune** – *«vil motsette seg ethvert ytterligere vern innen kommunens grenser, inntil det foreligger samt blir etterlevd skjøtselsplaner med oppfølging frå Fylkesmannen med hensyn til eksisterende naturreservat i Sokndal, som Årstad, Rekedal, Målsjuvet, Nesvåg og Lilleborgvannet. Sokndal kommune anmoder om at et eventuelt vern av eik-edellauvskog i varslet område hensyntar kommunens sentrumsplan, og ikkje hindrer sentrumsplanens intensjon, med senere stedlig utvikling i det varslete området omgivelser.»*

Fylkesmannen syner til statlege føringar om å auke omfanget av skogvern etter naturmangfoldloven, der frivillig vern utgjer eit sentralt virkemiddel. Elles stiller vi oss noko spørjande til kommunens uttale om manglande oppfølging av andre naturreservat i kommunen. Det er utarbeida skjøtselsplan og utført skjøtsel i Nesvåg; i Årstad skjøtsel i samarbeid med grunneigarar samt skjøtselsplan (grunneigarinitiativ) under ferdigstilling. I dei andre reservata følgjer ein utviklinga gjennom overvaking, som så langt har synt at den naturlege utviklinga i høve verneformåla bør halde fram.

Når det gjeld dagens sentrumsplan, kan vi ikkje sjå at planlagde naturreservat er i konflikt med denne. Ein vidareutvikling av byggefeltet på Frøyland vil truleg først og fremst skje gjennom fortetting av eksisterande byggefelt og såleis ikkje koma i konflikt med planlagde naturreservat slik vi ser det.